

Ole Bjørn Eikeland

Fusavegen 87

5640 Eiklandsosen

30.apr 2014

Ope brev til Fusa Kommune, Teknisk etat

Koldalsfossen i fare!

NVE har for kort tid sidan sendt på høyring søknad om konsesjon for kraftutbygging i Koldalsfossen. Eg har nokre år visst at Bolaks har hatt ønskje om å utnytte elva og fossen til kraftutvinning, men det er først no eg ser at det er konkrete planar om det. Informasjonen frå Bolaks har, bortsett frå eit møte i 2006, vore fråverande, og som tidlegare grunneigar vil eg uttrykkje mi meining.

Eg meiner det ikkje finst argument for å bygge kraftverk i denne elva. Motargumenta kan kort oppsummerast slik.

1. Fossen er allereie bygd ut. I årsgjennomsnitt er der halv vassføring i elva, pga av utbygginga av Kvanndalsvassdraget på 80-talet.
2. Fossen er Eiklandsosen sitt landemerke. Du ser han når du kjem inn mot fjorden, og navnet Eiklandsosen kjem nettopp av Osen. Mange vassdrag ligg godt til rette for utbygging, men ikkje midt i sentrum av ei bygd. Så fattige er me ikkje, at kvar ein foss må i røyr.
3. Området ved jettegrytene, dvs ved tenkt inntak av vatn, er freda naturområde. Det betyr at me som grunneigar ikkje får gjere noko inngrep i dette område. Korleis kan då eit stort naturinngrep vere mogeleg? Å sjå føre seg stryket forbi jettegrytene utan vatn, det er umogeleg. Berre dette argumentet aleine må vere nok til å stoppe planane.
4. Koldalselva har interessant kulturhistorie og stort potensiale som framtidig turistområde. Alt dette vert uinteressant utan vatn i elva.
5. Minstevassføringa som evt vert lagt som konsesjonsvilkår blir berre ein drope i havet for oss som vil sjå og høyre elvesusen. I store delar av året vert elva så godt som tørr.
6. Søknaden er sendt og offentleggjort uten korkje involvering eller informering av grunneigarar eller andre interessentar.
7. Utbygginga gjev ikkje skatteinntekter til kommunen. Kva får då lokalsamfunnet att for å miste fossen?

Konklusjon: Rein energi i form av småkraftverk kan me bygge tusenvis av i dette landet. Men sentrumsnære elvar og stryk, som har stort potensiale til å brukast på andre måtar, må me ha råd til å la leve.

Mvh Ole Bjørn Eikeland